

54 kg laks og aure på 10 dagar.

13.06.2019



Erik Freim og Espen Garberg frå Odda er faste fiskegjester i Uskedalselva.

Sidan opninga av fiske i Uskedalselva og fram til 10. juni er det registrert eit fiske på 54 kg. Av nær på 30 fiskar er det mest aure. faktisk berre 3 laksar. Opningatida i Uskedalen er frå 1. juni til 1. september. Over halvparten av det som er fiska, er sett ut att. Den største fangsten til no ein laks på 7,6 kg, fiska av Mikal Dahl. Det vert brukt både floge, sluk og makk.

Sidan opninga 1. juni må dette resultatet vera svært bra. Pinsehelga med høg vasstand var gode fiskedagar. Uskedalselva er best med høg og middels vasstand.

Uskedalen.no møter Erik Freim og Espen Garberg, begge frå Odda. Dei fiskar med floge og held seg for det meste i den nedre delen av elva. Freim og Garberg er ofte i Uskedalselva. Dei vekslar mellom Uskedalen, Suldal og Etne, alt etter kor det er best vassføring. Uskedalen er ideell, men ein må vera på plassen til nøyaktig rett tid.

Fiskeplassane, som fordeler seg i heile elva, er lista opp i registreringane. Dei plassane som toppar lista, er Klammeren, Gravehølen, Dønhaughølen, Musland, Nedre Fet og elles generelt på Haugland.

Alle kan gå inn på Elveeigarlaget si heimeside og lesa fangstrapportane. Her ligg mykje god informasjon om fiskereglane, desinfisering og om aktuelle fisketema.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal